

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Helge Kvam	FA - F31	14/453

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
06/2014	Kommunestyret	PS	19.02.2014

## Busetting av flyktningar i Meland kommune i perioden 2014-2016

### Vedlegg:

Busetting av flyktningar i Meland kommune

### Saksopplysninger:

#### Bakgrunn

Viser til vedtak i kommunestyret sak 078/13 datert 11.12.13 vedkomande oppmoding om busetting av flyktningar for perioden 2014-2016 jamfør vedlegg.

Viser vidare til skriv frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDI) datert 17.12.13. IMDI viser her til opprinneleg oppmoding datert 02.05.13 om Meland kommune kan busette 25 flyktningar per år i perioden 2014-2016. IMDI skriv: «På bakgrunn av dette ber vi Meland kommune om å revurdere sitt vedtak og fatte vedtak i tråd med oppmodinga frå IMDI.»

#### Vurdering

Det er kommunen v/kommunestyret som har mynde i høve busetting av flyktningar. Rådmann finn ikkje grunnlag for å endre saksutgreiing, vurderingar og innstilling knytta til framlegg til vedtak jamfør kommunestyret sak 078/13.

#### Rådmannen - framlegg til vedtak:

Meland kommunestyre har mynde i høve busetting av flyktningar i kommunen. Kommunestyret opprettheld vedtak i sak 078/13.

#### Kommunestyret - 06/2014

**KS - behandling:**

**Framlegg til vedtak frå Marit Jøssang, KrF:**

"Kommunestyret opprettheld vedtak i sak 078/13, men med denne ordlyd i første setning i pkt. 1.:

Meland kommune opnar for mottak av 10 nye flyktningar i 2014 og 15 nye flyktningar per år i 2015 og 2016."

**Avrøysting:**

**Administrasjonen sitt framlegg til vedtak fekk 24 røyster for, (H, AP, SP, FrP, V, SAM, MDG), 3 røyster mot, (KrF), og er såleis vedteke.**

**KS - vedtak:**

"Meland kommunestyre har mynde i høve busetting av flyktningar i kommunen. Kommunestyret opprettheld vedtak i sak 078/13."